

Inntaksreglement for Jotunheimen vidaregåande skule

Vedteke 30. januar 2025, revidert 16.okt 2025

§ 1 Generelt

Jotunheimen vidaregåande skule (skulen) har heile landet som inntaksområde. Skulen er open for alle som fyller vilkåra for inntak i offentleg skule. jfr. privatskolelova § 3-1.

Rektor føretekt inntak i tråd med privatskoleforskrifta og opplæringsforskrifta, samt inntaksreglementet for skulen. Inntaket vert avslutta når kapasiteten er fylt opp.

§ 2 Søknadsfrist

- a. Skulen sitt tilbod og søknadsskjema finn du på nettstaden til skulen. Søknadsfrist for ordinært inntak er for alle trinn 1. mars same kalenderår som skulestart.
- b. Skulen har satt av 3 plassar på kvart klassesetrinn med søknadsfrist 1. februar for søkjarar som har rettar etter opplæringslova §§ 11-4 – 11-6. Inntak skjer på bakgrunn av sakkunnig vurdering.

§ 3 Grense for inntak

Skulen har for tida ein klasse på kvart trinn studieforbereidande (VG1-VG3), og ein klasse på kvart trinn bygg- og anleggsgfag (VG1-VG2).

Skulestyret gjer vedtak om kapasitetsgrenser i god tid før inntak. Det blir informert om kapasitetsgrensene på skulen sine nettsider.

§ 4 Prioritering ved inntak til VG1

Søkjarar som har søkt innan fristen vert vurdert og teke inn etter denne prioriteringa, når det er fleire søkjarar enn den godkjende kapasiteten på skulen:

- a) Søkjarar med ungdomsrett, med bustadadresse i Vågå, Lom og Skjåk kommune.
- b) Søkjarar med ungdomsrett frå heile landet elles.

Dersom skulen har ledige plassar, så er skulen er open for alle som fyller vilkåra for inntak i offentleg skule, sjå opplæringslova § 18-3

I kvar gruppe vert søkjarane prioriterte etter karaktersnittet frå siste aktuelle karakterdokument, anten dette er frå grunnskulen eller frå vidaregåande utdanning.

Dersom fleire søkjarar står likt i høve til prioriteringskriteria etter dette, skal inntak gå føre seg ved loddtrekning.

§ 5 Prioritering ved inntak på særskilte vilkår

Dersom det 1. mars ikkje er nok aktuelle søkjarar på særskilte vilkår til å fyller plassane i § 2b, blir dei fylt opp av søkjarar til ordinært inntak. Rektor avgjer om ein søknad oppfyller vilkåra for behandling på særskilte vilkår. Dersom skulen mottok fleire søknader på særskilte vilkår enn dei

nemnde plassane, blir rekkjefølgja avgjort som ved ordinært inntak over, og deretter ved loddtrekning. Søkjarar som ikkje får plass etter denne regelen i § 2b, blir overført til det ordinære inntaket, men står samstundes på venteliste til særskilt inntak så lenge dei ikkje har fått plass. Vedtak om inntak på særskilte vilkår gjev også rett til inntak påfølgjande år (VG2) når det gjeld yrkesfaglege utdanningsprogram og to påfølgjande år (VG2 og VG3) når det gjeld utdanningsprogrammet studiespesialisering.

§ 6 Prioritering ved inntak til VG2 og VG3

Elevlar som har plass ved VG1 vil bli prioritert til tilbod om plass ved VG2.

Elevlar som har plass ved VG2 vil bli prioritert til tilbod om plass ved VG3.

Ved ledig kapasitet og påfølgjande inntak av eksterne søkjarar til VG2 og VG3 vert same inntaksordning og fordelingsnøkkel fylgd som ved inntak til VG1 jamfør § 4.

Føresetnaden for inntak i VG2 og VG3 er at føregåande skuleår er fullført og bestått, med dei unntak som er gjevne i privatskoleforskrifta §3-13.

§ 7 Venteliste

Ved fleire søkjarar enn det skulen har kapasitet til å ta inn, vil dei søkjarane som ikkje får plass bli satt på venteliste i prioritert rekkjefølge. Ventelista blir rangert etter same system som er skrive i §§ 4, 5 og 6.

§ 8 Inntak etter søknadsfristens utløp

Dersom det er ledige plassar etter søknadsfristen har gått ut, eller at elevavgang gjev ledige plassar, vil det vere løpande inntak frå venteliste. Dersom det er ledige plassar etter inntak frå venteliste, kan rektor ta opp elevlar frå søknadar motteke etter 1. mars.

§ 9 Klage

Den som har motteke svar på søknad om inntak, kan klage på vedtaket etter forvaltningslova §2, jf. privatskulelova § 3-1. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet vedtaket er kome til vedkommande part. Klaga skal sendast til skulen. Dersom skulen held fast på vedtaket, skal skulen sende klagesakar til Statsforvaltaren.